

Hesthamar

TEMA: *Embetsmennene* ①61, *Jektefart* ①89
KART: ④438

HESTHAMAR, nokre kilometer nord for Utne, er ein av dei eldste sorenskrivargardane i landet. I 1637, knappe 50 år etter at sorenskrivar-embetet var skipa i 1591, kjøpte almugen i Hardanger denne garden av futen Lauritz Johnsen på Torsnes. Frå 1659 budde sorenskrivarane her, i vekslande periodar, fram til 1790. Då vart Helleland ved Loftbus «skrivargard» (③392).

Bilete frå 1980-talet.



SORENSKRIVARGARDEN


Hesthamar vart kjøpt til bustad for sorenskrivaren, kanskje for å få han meir sentralt plassert i Hardanger, kanskje for å sleppa å betala leige. Vanlegvis var det ein gard i offentleg eige – krongods – som vart utlagd til dette føremålet, og bygdefolket skulle betala leiga, den såkalla skrivartollen; eigentleg løna til sorenskrivaren. Men skrivartollen måtte dei betala like fullt, bøndene i Ullensvang, trass i denne investeringa, og dette vart årsak til ein årelang strid.

Ikkje alle sorenskrivarane budde på Hesthamar. Innimellom stod garden ledig og vart pakta bort, men i 1720 busette JENS FABRICIUS seg her og bygde nytt våningshus i 1723. Det er denne bygningen som står i dag. Fabricius' etter-

følgjar, J.S. FLEISCHER, som residerte på Hesthamar frå 1733-75, bygde truleg litt på denne bygningen og fekk meir rom på loftet. Kanskje er det han som sette ark på hovudfasaden. Det er 1700-talets stilar som pregar Hesthamar: dører og listeverk i regence og rokokko, til dels også av ein eldre barokktype; ein av dei mest autentiske gamle embetsgardane på Vestlandet. I 1775 overtok SØREN SCHELDERUP garden etter Fleischer, som kjøpte Grovndal på Voss og flytta dit i 1775 (③346). Schelderup heldt eit gjestfritt hus på Hesthamar, men etter hans død gjekk garden ut som embetsgard. Etter nesten 200 år, i 1970-åra, har staden fått attende litt av sin gamle status, mønstergyldig sett i stand av bergensfilosofen ARILD HAALAND. □

STEINKROSSEN

På Hesthamar, eit stykke ovanfor fjorden, står enno i dag ein steinkross (①36). Segna seier at denne steinkrossen skal vera reist til minne om lagmannen SIGURD BRYNJULFSSON på Aga (③385, ③389). Han omkom under ei sjøreise på Samlafjorden, truleg i 1302. Der liket dreiv i land, vart steinen reist, med ein klebersteinskross på toppen. Denne segna er nedskreven alt i 1626,



av JONAS SKONVIG, ein presteson frå Skånevik som var ein av OLE WORMS medhjelparar i arbeidet med det store runeverket. Det gjev oss grunnlag for å tru at innhaldet er å lita på. Sjølve steinen er av «graa Kamp» og var 7 alen høg. Klebersteinskrossen vart nedriven midt på 1800-talet og er tapt. Gravsteinen over Sigurd Brynjulfsson er i dag i Ullensvang kyrkje (③392).

Steinkrossen er teikna av Jonas Skonvig, 1626.



Hardanger Gjestegard, Ytre Alsaker – ny næring under gamle tak.

HARDINGAR PÅ SJØEN

JAKOB ALVSÅKER (1848-1934) er ein typisk representant for småbrukarane og jakteskipperane i Hardanger. Han var av ei slekt med lange tradisjonar i fraktefarten. Faren og ein av brørne hans åtte alle fartøy og «dreiv sjøen», som dei sa. Jakob var 15-16 år då han fekk seg hyre første gong på jakta til ein av farbrørne, og berre 18 år gammal kjøpte han skøyta «LYNA», i 1864, og vart skipper på eiga skute. Han skaffa seg snart eit større fartøy, og med jakta «FAMILIEN» (til høgre) gjorde han mange handelsferder.

Som jakteskipper var han i røynda ein omreisande handelsmann. Han drog dit det var pengar å tena på frakting eller varekjøp. Vinterstid segla han mykje på Lofoten og kjøpte opp torsk. Somme år tørka han fisken på berga der nord, men det hende like ofte at han førte lasta til Hardanger og tørka fisken på svaberga heime på Alvsåker. Den ferdige klippfisken selde han i Bergen og Kristiansund. Han spesialiserte seg elles på «landmandsvarer», som han kjøpte direkte av bøndene langs heile vestlandskysten. Værene fann avsetnad hjå skipshandlarane i sørlandsbyane. Ofte hadde han trelast i retur til Stavanger og Bergen. I vanskelege år, med låge prisar heime, gjorde Jakob ferder til Austersjøen med sild og heimatt med korn.

